

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland.

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Helleland.

Oppskr. av: Th. Hovland.

Gard: Hovland.

(adresse): Helleland.

G.nr. 30 Br.nr. 1.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Julenisse har det vore lite av her. Det einaste er at når skulane held juletefest for borna så vert julegåvene stundom delt ut av ein nisse. Og dette høyrer berre til den seinare tid.
2. Nissen skal dela ut alle dei gåver som er. Om han skal ha noko for bryet er det ingen regel om.
3. Det er helst eit av skuleborna som plar vera nisse. Nissen skal vera liten.
4. Utstyret er maske med kvitt skjegg, raud topphuve og knebukser.
5. Maska vert kjøpt, det andre utstyret lagar ein sjölv.
6. Den skikken brukar ein ikkje her.
7. Fell burt.
8. Nei.
9. Nei.